

Målselv Mållag
v/Bodil Vinjevoll

Moen i Målselv, 11. mars 2015

Målselv kommune
9321 Moen

Klage på vedtak i Målselv kommunestyre om å endre skrivemåten veg til vei

Målselv Mållag vil her klage på vedtaket om å endre skrivemåten veg til vei ved 4.gangs handsaming i Målselv kommunestyret den 12.2.2015. Klagefristen er sett til 14. mars 2015 og denne klagen er innanfor klagefristen.

Hovedargumenta for klagen er:

- a. Skrivemåten veg og avartar av veg har vore brukt i Målselvdalen i lang tid.
- b. Det er eit kommunestyrevedtak på at Målselv kommune skal vere språknøytral, og einaste tillatte namn på ferdelsårer i begge skriftspråka er veg.
- c. I dei lov- og forvaltningspålagte høyringane til kommuneadministrasjonen, er det ved høyringane i 2014 og ei i 2015 ikkje kome innvendingar på bruk av skrivemåten veg.
- d. Språkrådet, Stadnamntenesta for norske namn i Nord-Noreg, tilrår skrivemåten veg.
- e. Påstandane frå kommunestyrets talerstol den. 12.2.2015 om at opptil 90 % av innbyggjarane i Målselv kommune ønsker skrivemåten vei, har ikkje latt seg verifisere.

Oversikt over vedtak om skriftmål i Målselv kommune:

1. I sak 420 i 1954 stiller Målselv kommune seg nøytralt til Målspørsmålet.
2. I sak 288 i 1972 vedtek kommunestyret i Målselv nøytralt språkbruk.
3. I sak 64 i 1973 vedtek kommunestyret bruk av skrivemåten veg for 27 nye vegnamn.
4. I sak 53 i 12.6.2014 vedtek kommunestyret veg brukt som skrivemåte i Målselv. Ingen innvendingar om bruken av skrivemåten veg.
5. I sak 70 i 25.9. 2014 vedtek kommunestyret i Målselv at administrasjonen skal fremme ei sak til kommunestyret om bruk av skrivemåten vei istedenfor veg.
6. I sak 11 i 12.2.2015 vedtek kommunestyret i Målselv med 14 mot 10 stemmer at i Målselv kommune skal skrivemåten vei brukast. Til forhandlinga i kommunestyret var det kome ei innvending frå Målselv Mållag for å bruke veg og ei tilråding frå Språkrådet, Stadnamntenesta for norske namn i Nord-Noreg, om å bruke skrivemåten veg.

Mållaget i Målselv har her fremma klage på vedtak om bruk av skrivemåten *vei* i Målselv kommune frå sak 11 i kommunestyret 12.2.2014. Dette fordi det er eit vedtak i Målselv kommunestyre om å vere ein språknøytral kommune. Berre bruken av skrivemåten *veg* er gjeldande for begge skriftspråka. Det må i tillegg vektleggast at det i to ulike høyringar frå administrasjonen i 2014/15 ikkje er kome innvendingar til administrasjonen om bruken av skrivemåten *veg* i Målselv. Frå Målselvdalen tok i bruk ordet *veg* i skriftlege namn, har skrivemåten *veg* eller avartar av *veg* vore brukt. Til slutt må det vektleggast at Språkrådet, Stednamntenesta for norske namn i Nord-Noreg, i eigen ekspedisjon 23.1.2015 har tilrådd skrivemåten *veg*. Påstanden frå kommunestyrets talerstol om at 90% av innbyggjarane i Målselv ønsker skrivemåten *vei*, har ikkje latt seg verifisere.